



Skulemusikken tar mot applaus under samlinga i fjor.

**Neste helg, 4. - 6.april, vert det storinnrykk av skulekorpsmusikantar til Uskedalen. Over 100 messingblåsarar og slagverkarar frå skulekorpsa på Husnes og Tysnes, i Rosendal og Uskedalen samlast til inspirerende seminar gjennom heile helga. Samlinga kan arrangerast etter at Sparebank1-stiftinga Kvinnherad har støtta opplegget med 60.000 kr.**

Det var Husnes skulekorps som gjorde opptakten til desse samlingane, då dei hadde ei tilsvarande samling i fjor. Dette var særdeles vellukka, og det driftige styret i Uskedal skulemusikk bestemte seg for at dette ville dei følgja opp i år. No håpar nok mange på at dette skal verte årvisst.



Dei 72 musikanane på samlinga i fjor. I år vert dei endå fleire.

Då eg besøkte skulemusikkøvinga tirsdag, sat styret i planleggingsmøte. Og det verkar som planlegginga er i god rute. Alt ligg til rette for eit kvalitetsseminar. Ikkje minst er det satsa på topp instruktørar. Velkjende Yngve Nikolaisen er musikalsk ansvarleg og han har med seg 6 særdeles dyktige instruktørar. Alle har solid erfaring frå dirigering av skulekorps, dei fleste har høg musikkutdanning og har bakgrunn som utøvarar på elitenivå. Seminaret startar fredag kl. 17.30 med oppmøte, og så går det slag i slag fram til avslutningskonserten i Aktivitetshuset søndag ettermiddag kl. 15. Den bør samle eit stort publikum frå heile Kvinnherad. Musikken Storkorpset skal framføre på konserten, er populærmusikk arrangert av Eikanger Bjørsvik ML sin faste dirigent Reid Gilje. Han er også svært dyktig på det området sjølv om han er mest kjend som dirigent for eit av dei absolutt beste brassbanda i Europa.

I tillegg vil kvart korps ha si avdeling, og det vert framført musikk frå ulike grupper på seminaret.



[Skulemusikken under øvinga sist tirsdag.](#)

Dei som er skulekorpsaspirantar no, og dei som tenkjer på å begynne neste år vert speielt invitert til konserten. Dei kan og besøke seminaret for få ei føling med kva ein får vere med på som skulekorpsmedlem. Det passar best lørdag.

Under seminaret er basen for det musikalske i skulen og aktivitetshuset, medan måltida vert lagt til Helgheim. Der vert det festmiddag for deltakarane kl.19 laurdag kveld. Den kunne nok mange andre også ha tenkt seg å ha vore med på, for det er sjølvaste Elin Enes som er kokk! Etter middagen vert det underhaldning og diskotek.



Skulekorpsleiar Haldis A. Åkra og dirigent Tor Skeie Olsen og resten av gjengen har god kontroll på planleggingsarbeidet. Det ligg an til at dei ca. 100 muskarane frå dei 4 korpsa får ei særdeles inspirerende helg! Og vi andre kan glede oss til konserten 6.april kl. 15 i Aktivitetshuset. Det er svært kjekt å registrere at alle dei tre skulekorpsa i kommunen har så god medvind i segla!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Ola Matti Mathisen og Thor Inge Døssland.